

Løysast i minnelegheit?

12.02.2009

- Det er ynskjeleg frå begge partar å løyse saka i minnelegheit, seier brødrene Røssland om tvisten dei har hatt med eit entreprenørselskap i Bergen.

Han opplyser at partane har vorte einige om å utsetja rettssaka som var beramma til denne veka ved Bergen Tingrett.

Ellers har han denne kommentaren til meldinga som uskedalen.no henta frå Bergens Tidende:

- Saka blir framstilt som om vi har halde tilbake informasjon frå kjøparen. Vi vil streka under at dette er ein påstand frå kjøparen si side som vi meiner ikkje medfører riktighet. Selskapet Nexi Bygg har lenge hatt likviditetsproblem. Det er no seld til nye og meir 'seriøse' aktørar som også er langt meir likvide. Konkursbegjæringa var sett fram av oss før dei nye eigarane kom inn.

Av Ola Matti Mathisen